

Til Bygghadmindrasjon Harald Bjørndal AS

Eg viser til tidlegare kontakt om saka.

Frist for høyring av planforslaget gjekk ut fredag 06.04.2018. All post t.o.m. 09.04.2018 er no registrert. Forventa høyringspartar som Statens vegvesen, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og grunneigar har gitt uttale.

Alle dokument er registrert i sak 2017/2196 i vårt arkiv. Saka med tilhøyrande dokument finn de på denne lenka: <http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/eInnsyn/RegistryEntry/Case?caseId=55955>

Eg ber om at de vurderer desse uttalanene og ev. endringar av planforslaget som følgje av dette:

20.02.2018 Direktoratet for mineralforvaltning

28.02.2018 Mattilsynet

16.03.2018 Statens vegvesen

16.03.2018 Fylkesmannen i Hordaland

22.03.2018 NVE

05.04.2018 Jon A. Barek

06.04.2018 Hordaland fylkeskommune (førebels ikkje publisert, kjem i løpet av ein dag eller to)

Revidert planforslag med tilhøyrande dokument vert så å senda kommunen for sluttbehandling og vedtak av plan. Det må koma fram korleis innkomne uttaleler til planforslaget og konsekvensene av planen har vore vurdert, og kva betydning desse er tillagt jf. pbl. § 12-12.

Planforslaget vert fremja som sak til forvaltningskomiteen før det går vidare til formannskapet og endeleg vedtak i kommunestyret. Første moglegheit for politisk behandling er forvaltningskomiteen sitt møte 2. mai. Vi må i så fall ha revidert planforslag i hende i løpet av ei veke for å rekke saksbehandling.

Vi takkar for godt arbeid så langt og ser fram til å få planen vedteken!

Med helsing Anbjørn Høivik,  
for Kvinnherad kommune